



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakhandsamar, innvalstelefon  
Eva Bendiksen, 5557 2051

Vår dato  
19.06.2014  
Dykkar dato

Vår referanse  
2014/7702 631.0  
Dykkar referanse

Meland kommune  
v/skulefagleg ansvarleg  
Postboks 79  
5906 Frekhaug

### Betre læringsmiljø – invitasjon til dagsamling 23. september 2014

Fylkesmannen viser til vårt skriv datert 26.06.2013 der vi ba om tilbakemelding på aktuelle skular sitt arbeid med læringsmiljøet og skuleeigar sitt system for oppfølging av skulane på dette området. Utdanningsdirektoratet sin analyse av elevundersøkinga på 7. og 10. trinn låg til grunn for utvalet av kommunar og skular, og Fylkesmannen fekk skriftleg tilbakemelding frå dei aller fleste hausten 2013.

Utdanningsdirektoratet har bedt Fylkesmannen følgje opp denne rapporteringa etter eit år. Fylkesmannen vil derfor invitere rektor på Rossland skule og ein representant for skuleeigar til ei dagsamling der vi vil drøfte og dele erfaringar om korleis skular kan arbeide for eit godt læringsmiljø.

Drøftinga vil ta utgangspunkt i dei forholda som forskinga viser er grunnleggjande for å utvikle og oppretthalde gode læringsmiljø:

- Lærarane si evne til å leie klasser og undervisningsløp.
- Lærarane sin relasjonskompetanse.
- Ein kultur for læring og positive relasjonar mellom elevane.
- Eit godt samarbeid mellom skule og heim.
- Ei god leiing av skulen og godt samarbeid med fokus på læring i organisasjonen.

Utdanningsdirektoratet har gitt Læringsmiljøsenteret i oppdrag å gi målretta støtte og rettleiing til utvalde kommunar og skular frå heile landet. Svein Nergaard, Læringsmiljøsenteret, og Håvard Ragnhildstveit, Hordaland fylkeskommune, er rettleiarar i Masfjorden kommune i vårt fylke i denne perioden og vil vere med oss på samlinga. Masfjorden vil dele erfaringar frå sitt arbeid med tematikken sett frå ulike perspektiv: skuleeigar, skuleleiar og team/klasseleiar.

Samlinga finn stad på **Clarion Hotel Admiral**, C. Sundts gate 9 i Bergen **23. september 2014**. Ytre ramme for samlinga er kl. 10.00 – 15.30. De vil få tilsendt program for dagen i slutten av august.

Vi ber skuleeigar formidle invitasjonen til rektor på Rossland skule.

Påmelding skjer på e-post til [fmhoevb@fylkesmannen.no](mailto:fmhoevb@fylkesmannen.no) innan **26. august 2014**. Dersom det er konkrete problemstillingar eller utfordringar de ønskjer å få drøfta, kan desse sendast inn i forkant av eller saman med påmeldinga.

Med helsing

Anne Hjermann  
utdanningsdirektør

Eva Bendiksen  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*